

Prosjektleiing: Anders E. Røine og Frode Rolandsgard **Opptak:** Anders E. Røine / Trygve Bolstad **Produsent:** Anders E. Røine **Miksing, mastering og produksjon:** Fridtjof A. Lindemann, Lydmuren AS **Video: foto og klipp:** Pål Bratås **idé og regi:** Anders E. Røine og Pål Bratås **Engelsk omsetjing:** Mary Hegge **Grafisk formgjeving:** Eva Karlsson **Foto:** Bente Hemsing (s. 2) og Pål Bratås (øvrigt) **Økonomisk stønad:** Norsk kulturråd, Valdres folkemusikk-lag, Fond for lyd og bilde, Rådet for folkemusikk og folkedans, Øystre Slidre kommune, Sør-Aurdal kommune **Takk til:** Ola K. Berge, Bente Hemsing og Valdres folkemuseum



TRYGVE BOLSTAD / aleis

t:



heimattover la 'n se te søva ved Ulneskyrkja. Han vakna tå det at det satt ein kar uppi tårnet og plystra, og dermed vart te den so styggen plystra i kyrkjetårnet.

15. **Siste låtten åt Krøsshaugen** Dette e førme te Ola Bøe. Kor han hadde låtten i frå det ana e 'kji, men det e siste låtten so 'n Lars Mikkjilsson Krøsshauget let heime før 'n drog i vegen å sku spela i eit bryllaup øvst uppi Vang. Den tie so gjekk 'n over Strøndafjorden på ein isveg, og der gjekk 'n gjøno og drukna. I 1830 va det. Han kom nok alder åt det bryllaupet han. Dette va altsò siste låtten sønign hass høyrde 'n spelde.

Opptaka er gjort i Hedalen heime hjå Trygve i perioden februar-mai 2004 med lånt DAT-spelar frå Ola K. Berge, og lånte mikrofonar frå Valdres folkemusikkarkiv. Nokre av opptaka er gjort i snøstorm.

Videoen er spelt inn i april 2004 av Pål Bratås og Anders E. Røine. Filmen kan spelast av med Windows Media Player.

Felene: Anders Aasen 1963 NR 16 / Olav Daleng ca. 1940 / Knut Ø. Rudi 1903

mykji finar. Andris hadde 'n i huvu slek so ho tralla 'n, men han hadde 'kji prøvd spela so mykji på 'n før.

09. **Den so e aleis** Den so e aleis den ha e laga uppå hyttun hass Aage Ruud tidleg ein mørgo. Mø sat og spelde um natte te ut på mørgosia før 'n me roa uss. E sat att ileine å spelde lite før me sjøl e då, og so vart det låttå det. Låtten e vøl lite aleis enn mange andre låtta.
10. **Låtten hass Knut** E laga 'n egentle te syttiårslaget hass Knut Steinsrud, men e kom 'kji te spela 'n før e følte meg lite usikker på 'n då. Ragnhild Hemsing har lært 'n tå me, og brukt 'n på fleire konserta ute i den store verd'n.
11. **Samilstadlåtten** Han e i utgangspunktet i førm ette Ola Lie Haugen, far åt Anna Fuglesteg, men e må seia det at e ha vel kanskje ikkji kopiert førme hass akkurat. Han Tølleiv laga te eit vek på slutte so kjem i tillegg te slek so 'n Ola Lie Haugen speld 'n då veit du. E lærde 'n fyst tå o far. På den måten so blir det ei personeleg førm då, men det e i utgangspunktet ette 'n far og 'n Tølleiv og 'n Ola Lie Haugen. Andre kalla 'n før »E e liten e, men e våga me«, men han Ola Lie Haugen kalla 'n før Samilstadlåtten. Det e visst ein gard ein enn anna stan.
12. **Krøsshaugen** Denne hallingen ha vel fått navnet sitt tå 'n Lars Mikkjilsson Krøsshau, men noko meir veit e 'kji um det. Låtten den har e lært tå o far.
13. **Lyalått i førm etter Olav Moe** E hørde 'n Tølleiv spelde 'n mykje, so e hadde 'n gødt i huvu då e lærde 'n tå o far. E spelde 'n åt Ola Bøe ei gong og so seie 'n Ola Bøe det at detta e akkurat slek so Moingen spelde 'n. I fulgje 'n Ola Bøe då so va det ei førm ette Olav Moe.
14. **Styggen i kyrkjetàrnet** Styggen i kyrkjetàrnet ha e lært tå Ola Bøe og han hadde 'n tå 'n Knut i Skrøviken. Denna e det fleire førme tå, og detta e ei tå rengjo. Det heitist det at 'n Jørn Hilmle hadde vøre og speld i bryllaup ei stan her, og då 'n gjekk

TRYGVE – SPELEMANN, LÆREMEISTER OG BONDE

Trygve Bolstad er fødd i Øystre Slidre i Valdres i 1943, og voks opp i eit levande folkemusikkmiljø i Heggenes og Daleng. I seks–sjuårsalderen fekk han si fyrste fele laga av onkelen Olav Daleng (1908–1993). Smågutten lærde, som dei fleste på den tida, å spela heime og av slektningar. I tillegg til faren Knut (1921–2002) var også onklane Ingvar Daleng (f. 1921) og Magnus Daleng (1911–1999) med på å inspirere og setja sitt preg på den unge spelemannen.

Tradisjonsmusikken fylgde med i heile oppveksten. Det vart ein ny kveik for felemusikken i Valdres då Torleiv Bolstad (1915–1979) vart tilsett som folke-musikkinstruktør i 1966. Olav Jørgen Hegge (f. 1941) fekk Trygve med på det fyrste spelemannskursset, og sidan vart det fleire kurs og aktivitetar som Torleiv Bolstad sette i gang. Fleire spelemannslag vart stifta i Valdres, og mange fekk inspirasjon til å ta tak i slåttemusikken att. Trygve nemner spesielt Gudbrand Dahle (f. 1946), som vart ein god kamerat gjennom spelaktivitetane. Trygve fortel vidare at dei viktigaste lærereistrane hans har vore Torleiv Bolstad, Ola Bøe (1910–1985) og Andris Dahle (1925–1995), ved sida av faren, Knut, som heile tida har vore ein viktig rettlear og ei stor inspirasjonskjelde.

Trygve reiste til hovudstaden i 1969 for å arbeide,

TRYGVE— FIDDLER, TEACHER AND FARMER

Trygve Bolstad was born in Øystre Slidre in Valdres in 1943 and grew up in a living folk music environment in Heggenes and Daleng. At age six or seven he received his first fiddle, made by his uncle Olav Daleng (1908–1993). Like most youngsters in those days, Trygve learned to play at home and from relatives. His father, Knut (1921–2002), as well as his uncles Ingvar Daleng (b. 1921) and Magnus Daleng (1911–1999) inspired Trygve and left their mark on the young fiddler. Traditional music surrounded him throughout his childhood and youth.

There was a new awakening for fiddle music in Valdres when Torleiv Bolstad (1915–1979) was engaged as a folk music instructor in 1966. Olav Jørgen Hegge (b. 1941) got Trygve to go along with him to the first fiddling course, and later Torleiv Bolstad initiated further courses and activities. Several spelemannslags (fiddling groups) were established in Valdres, and many fiddlers were inspired to take up the local traditional music again. Trygve mentions especially Gudbrand Dahle (b. 1946), who became a good fiddling comrade. Trygve goes on to say that his most important teachers have been Torleiv Bolstad, Ola Bøe (1910–1985) and Andris Dahle (1925–1995), as well as his

og hos onkelen Ingvar Daleng fekk han ein heim i byen der han kunne prate både fele og bil. Sjølv-sagt kom han naturleg i kontakt med Valdreslaget og Laget for spelemenn, der han møtte spelemenn som òg vart gode vener. Ola Bø vart ein ny inspira-sjon og lærermeister. Bernt Balchen (f. 1931), Knut Trøen (f. 1932) og Harald Røine (1940–1997) var av dei yngre i miljøet. «Venskap med desse karane har betydd mykje for meg», seier Trygve.

Etter nokre år i Oslo fekk Trygve jobben med å vidareføre folkemusikkarbeidet Torleiv Bolstad hadde lagt grunnlaget for i Valdres på 1960- og 70-talet. I 1980 reiste han derfor tilbake til Valdres og starta opp som instruktør, arkivansvarleg og sekre-tær for «Folkemusikknemnda for Valdres». Etter nokre år fekk han avlasting på sekretærdelen, og i 1988 kom Distriktsmusikarordninga i folkemusikk i gang, som den fyrste i landet. Trygve har sidan då vore aktiv som lærar og spelemann i Valdres folke-musikkgruppe. Han er i dag busett i Hedalen i Valdres, der han ved sida av arbeidet som folke-musikar og instruktør driv gard i lag med kona Borghild.

father, who was always an important guide and a great source of inspiration.

Trygve moved to Oslo in 1969 to work, and at his uncle Ingvar Daleng's he found a home in the city where he could talk about both fiddles and cars. He came in contact with Valdreslaget and Laget for spelemenn, organizations in town where he met fiddlers who also became good friends. Ola Bø was new inspiration and teacher. Bernt Balchen (b. 1931), Knut Trøen (b. 1932) and Harald Røine (1940-1997) were among the younger in the milieu. "Friendship with these fellows has meant a lot to me", says Trygve.

After a number of years in the city, Trygve was asked to carry on the folk music work for which Torleiv Bolstad had laid the foundation in Valdres in the 1960s and 1970s. Thus in 1980 Trygve moved back to Valdres and began work as an instructor, archivist and secretary for Folkemusikknemnda for Valdres (folk music council for Valdres). After some years, he no longer had the secretarial responsibility, and in 1988 the Distriktsmusikarordninga i folkemusikk (district music organization for folk

Det sto eit bryllaup, men han spelemann so va fra Garthus han hadde ville hatt denna jenta, men han fekk ho ikkje, då sjølv-sagt. Anti han va bedt so spelemann eller kost han va kome seg um bord i båten til bryllaupsfulgje, det ana e 'kji, men då dei skulle ro ned over Begna so begynte'n å tralle på ein springar, og gå rundt på esingadn på båten og so kvelvde 'n båten. Alle drukna og det sku vera Valdreskvelven 'n tralla. Dette skulle ha skjedd sist på 1700-talet. Men so seie same kjelda at so laga Arne Steinsrud Hengslelåtten ut i frå den segne. Uppi hjå uss e historia slek at spelemann brukte fela då han gjekk rundt på esingadn, og då han hadde kvelvd båten, då flaut fela uppatt, og spelde siste delen av låtten tå se sjøl.

06. **Sagahaugen** Grunnen til at denna låtten ha fått navnet ette Jiggjer Sagahaug, det e helst det at det e ein tå dei låtto so 'n gjedne tok fram når 'n begynte å spela. Det va øfto det at dei kunne få navnet ette spelemannen førdi at det va ein tå dei fyste låtto han tok. Denna ha e lært tå 'n Andris, og eg har kje hørt andre spelemenna ha andre førme tå låtten.
07. **Reinlender åt Perssone** Denna reinlenderen har e hørt mange spelemenna, særleg dessa gamle, spela. So detta va ein vaneleg brukt reinlender, utan at e veit heilt kor e har 'n i frå, men han Ola, onkel, spelde 'n. Det e 'n Ola Bø so ha detta navnet på'n. Uppi hjå uss va det alder navn på 'n. Du veit persson det kunna vera son åt Per, og det kunne være mange Pera det.
08. **Låtten hennar Ragnhild Ringestad** Den e i førn ette 'n Andris Dahle og e lærde 'n tå hono. E hadde begynt å spela lite på ei strofe på denna låtten, men so hørde 'n Andris detta ei gong og so sa 'n det at «detta e låtten so ho Ragnhild Ringestad va so fæl til å hulle på. E va 'kji klar over at 'n gjekk på detta felestillet». Og so begynte han å spela. E hadde høyr det desse gamle spelemennadn uppi hjå uss spelde 'n, men denne va

LÄTTEOMTALE

01. **St Thumasklukkелåtten** E spelde 'n i samen med Ola Bøe og so spelde 'n 'n inn på lydband te me. E ha 'n nok stort sett lek, so det e ei Ola Bøe-førm. Han seie sjøl at 'n hadde jobba med 'n ette eit lydbandupptak med 'n Olav Moe. Du veit det va' kje mange so fekk lære direkte tå Moingen. Han vilde ikkje lære bort so mykje. E veit berre um ein so va hjå Olav Moe og lærde og det va 'n Trygve Myhre so seinare busette seg synst i Begnadale. Han Olav Moe han seie at 'n lærde den låtten tå Ola Søyne på ei natt. Den gamle førm so 'n Magnus, 'n Embrik og 'n Ola Lie Haugen spelde den ha kome ihjøno Beitoaugspelet, den ha 'kji denne her klunkinge enn noko den. Det går mange segne um desse Thumasklukkudn so vart fløtt, men han Olav Moe sa det so at St. Thumasklukkелåtten va «folkets klagesang over at St. Thumaskyrkja vart revin». Den måtin 'n Ola Bøe spela 'n på synst e e ei fin tolkning på detta. Det e jo lite klagande. Olav Moe meinte også at det va gamle Krøsshaugen so hadde førma ut denna låtten.
02. **Jørn Røn** Detta e ein springar ette Jørn Røn, so i dei seinare åre har vørte kalla Jørn Røn. E ha site og speld 'n i samen med 'n Tølleiv, e ha site å speld 'n i samen med 'n Ola Bøe og e ha site å speld 'n i samen med o far. So når e spela 'n ileine so blir det vel noko tå kort. Han Jørn Røn va tå Ringestadspelemenno. Det finst eit bilde tå han Jørn Røn i lag med Olav Moe. Han Olav Moe sat og spelde mykje i samen med 'n Jørn Røn.
03. **Ferespel** Dessa feresepele kjem og går, men denne gongen to bandopptageren på, so difor gjekk det ikkje att.
04. **Bustebakkin** Torstein Bustebakke, han va vel egentle i frå Hegge. Der e vaks upp i Daleng so va Bustebakke nabogarden. Låtten den ha e egentle ette 'n Ola Bøe, men e ha høyrd 'n Tølleiv ha speld 'n so mykje, so ei gong i blant so snik det seg inn noko tå 'n Tølleiv me. Ola Bøe kalla låtten for springar ette Alf Moe.
05. **Hengslslåtten** E lærde tå o far, men han hadde 'n ette 'n Tølleiv. I Sør- Aurdal, ved Valdreshengsle der, va det ei so sku gifte seg.





Trygve står for ein eldre speltradisjon med ein personleg spelestil både i form av toneføring, ornamentikk, fingerslag og tonefarging. Gjennom spelet hans opplever me ein rik folkeleg tradisjon og valdresspel på sitt beste. Stikkord for spelet til Trygve er nyanserikdom – frå det vare til det friske med ein fridom og ein kunnskap til stoffet som berre ein erfaren og ekte spelemann kan ha. Han har eit særst lag med lydarlåtтар der han legg kjensle og meining inn i spelet. Han er ein skapande spelemann som tydeleg legg noko av seg sjølv i låttane, heile tida medveten om kva som er kva. Han har «noko på hjarta», og det høyrer ein vel i spelet hans. Låttarepertoaret er stort, og i tillegg har han laga ei rekkje nye låttar som også blir brukte av andre spelemenn.

Trygve Bolstad fekk nyleg «Statens arbeidsstipend for kunstnarar» for å kunna fordjupe seg i slåttemusikk, gjera ferdig CD-en sin og få eit pusterom frå undervisning og køyring frå sør til nord i Valdres.

/Bente Hemsing, juni 2004

music) was formed, the first in the country. Since then, Trygve has been an active music teacher and concert fiddler. Today he lives in Hedalen, Valdres, where in addition to his folk music work he runs a farm together with his wife, Borghild.

Trygve represents an older fiddling tradition with a personal style in modulation, ornamentation, and tone shading. Through his fiddling we experience a rich folk tradition and Valdres music at its best. His playing is rich in nuance, from the sensitive to the hearty, and he has a freedom and a knowledge of the material that only an experienced can have. He is a creative fiddler who clearly puts something of himself into the tunes—he has something to tell that we can hear in his playing. He has a large repertoire of tunes, and he has made a number of new tunes that are played by other fiddlers as well.

Trygve Bolstad recently received a work stipend for artists from the government so he can steep himself in folk music, finish his CD and take a pause from teaching and driving the whole length of Valdres.

/Bente Hemsing, June 2004